

Prosjektnamn

”Kva forventningar og behov har tilvisarar i kommunal helse- og sosialteneste til tenester frå habiliteringsteam for vaksne i spesialisthelsetenesta?”

HF/avdeling/eining ansvarleg for prosjektet

Helse Fonna, Seksjon for Rehabilitering, Habilitering, Læring og meistring

Kontaktperson/prosjektleder

Karin O. Vikse

Bakgrunn for prosjektet / hovudpunkt

Habiliteringstenesta for vaksne i spesialisthelsetenesta er i endring med hensyn til krav til faglege oppgåver og organisering på bakgrunn av helsereforma, nye lovverk og offentlege føringar.

Det er noko uklart for brukarar / brukerorganisasjonar og fagfolk korleis oppgåvefordelinga og kompetansekrava er fordelte mellom 1. og 2.linjetenesta. Habiliteringstenesta i Helse Fonna er underbemanna i forhold til geografisk nedslagsfelt og befolkningstalet, og må difor ha auka fokus på bruk av ressursane. Habiliteringsteamet opplever ei forventning frå kommunane om at teamet ”skal gjere jobben for..” i saker med vanskelege problemstillingar.

Formål med prosjektet / forbetningsmål

Det er eit viktig arbeid å prioritere riktig og å tydeliggjere kva oppgåver tenesta skal fylle.

Metodisk tilnærming / evaluering av effekt

Velje ut ti kommunar blant dei 19 som er Helse Fonna sitt nedslagsfelt (by- og landkommunar) som skal omfattast av undersøkinga. Kartlegginga via spørjeskjema / intervju 1.linja si forventning i forhold til målsettinga og problemstillinga i prosjektet. Eit pilotprosjekt skal gjennomførast som ein del av arbeidet. Evaluering av evt. behov for endring av arbeidsform, eigen kompetanseoppbygging, tydelegare forventningsavklaring mellom 1. og 2.linjetenesta for å oppnå betre tilpassa tenester.

Overføringsverdi/overføring av kunnskap til andre einingar i regionen

Kva oppgåver vaksnehabiliteringstenester skal ha i spesialisthelsetenesta er ikkje berre ei lokal problemstilling. Vi veit at problemstillinga er aktuell for fleire habiliteringsmiljø i spesialisthelsetenesta og at resultatane frå dette prosjektet vil aktualisere drøftingar i andre helseføretak.